

## Lasergraving nytt tilbud frå AFA



Majestetisk hjort laga på lasergraveringsmaksina til AFA. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**AFA i Uskedalen er ei allsidig verksemd. For stutt tid sidan kunne uskedalen.no melde at produksjonen av Uskedalshuset går for fullt. Ein anna tilbod er lasergraving. Den går føre seg i ei avansert maskin som dei kjøpte brukt for eit års tid sidan.**

- Maskina kan gravera tekst og bilete på tre, glas, metall og plastikk, fortel dagleg leiar Tor Vidar Sæle og viseross fleire døme på eit fint resultat. Uten at AFA har marknadsført dette tilbodet har dei allereie hatt fleire oppdrag. Eit av dei var å laga skilt for ei turgruppe i Sørfjorden, eit anna å laga skilt med stadnamn på dørene i vår heimlege skule.

No ventar Sæle spent på reaksjonen på eit anna tilbod han har sendt skulen: Å laga eit stort skilt med USKEDALEN OPPVEKSTSENTER, noko som har vore sakna lenge.

- Det er ikkje noko problem å få bokstavene store nok, for grensa for maskina går ved 80 x 45 centimeter. Deter berre å laga bokstav for bokstav, seier Sæle og viser oss eit lekkert døme på glasgraving og ein majestetisk hjort som er gravert i tre.

Eigentleg er det berre fantasien som set grenser for kva som kan lagast på maskina. Den kan overføre alle skrifttyper som ligg på data.

Av Ola Matti Mathisen



Arvid Rød er "sjefsgravør". Her står han ved maskina som er eit nytt og spanande AFA-tilbod. (Foto. Ola Matti Mathisen).